

# **REGULERINGSPLAN FOR FV 6, BUAMYR – GRIMSTVEIT, GNR. 53 BNR. 9 M. FL.**

## **FØRESEGNER**

Jamfør plan- og bygningslova (PBL 2008) § 12-7.

Dato	Revisjon	Revidert
01.08.2013	0	05.11.2013

### **Oversikt over føremål og areal**

§12-5. Nr. 2 – Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Areal (daa)
• Køyreveg (2011)	18,1
• Fortau (2012)	0,7
• Gang- og sykkelveg (2015)	3,8
• Annan veggrunn – tekniske anlegg (2018)	0,7
• Annan veggrunn – grøntareal (2019)	39,9
§12-5. Nr. 5 – Landbruk, natur- og friluftsformål	Areal (daa)
• Landbruksformål (5110)	77,2
• Spreidde bustader (5210)	2,0
<b>SUM ALLE KATEGORIER</b>	<b>142,4 daa</b>
§12-6. Omsynssoner	Areal (daa)
• Høgspenningsanlegg (inkl. høgspentkabler)	13,4

## **§1 Felles føresegner**

### **1.1 Generelt**

Desse føresegndene saman med plankart datert 01.08.2013 (rev. 02.11.2013) gjeld innafor ramma av Plan- og bygningslova med tilhøyrande vedtekter for Sveio kommune.

Etter at reguleringsplanen, med tilhøyrande reguleringsføresegner er godkjend, er det ikkje høve til å inngå privatrettslege avtalar som er i strid med reguleringsplanen og reguleringsføresegndene.

### **1.2 Estetikk og landskapstilpassing**

Omsynet til landskapet skal sikrast gjennom utarbeiding av byggjeplanar og gjennom vidare formingsarbeid i anleggsfasen. Krav til utforming av tekniske anlegg og tilbakeføring av vegetasjon skal gå fram av byggjeplanane. Alle inngrep som vert gjort i samband med anlegget skal utførast skånsamt og med omtanke for terren og utsjånad. Noverande vegetasjon skal takast vare på. Tilpassing av omkringliggjande terren skal skje samtidig med opparbeidinga av anlegget.

### **1.3 Kulturminne**

Det kan vere utregisterte fornminne i planområdet. Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningsstyresmakt har vurdert funnet, jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd

### **1.4 Reguleringsføremål**

Reguleringsplanen fordeler seg over to nivå med følgjande føremål:

§12-5, Nr, 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

§12-5, Nr, 5 - Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift

Det er også regulert omsynssoner for å sikre areal til frisikt- og faresoner(høgspent) samt for å vise kor gjeldande planar framleis skal gjelde når areal er mellombels nyttå for å sikre gjennomføring av planen. I tillegg er det regulert omsynssoner for bandlegging av kulturminne.

I tillegg til naudsynt varig erverv er det også lagt inn «bestemmelsesområde for anlegg og drift». Dette for å sikre at prosjektet lar seg gjennomføre innanfor planens avgrensing. Desse områda går anten tilbake til dei føremåla dei er regulert til i tidlegare planar, eller til «LNF-område – landbruk» når planen er gjennomført.

### **1.5 Universell utforming**

Alle areal og anlegg skal leggjast til rette etter prinsippa om universell utforming. Nærare spesifikasjon av dette skal utførast i byggeplanen.

### **1.6 Vegtrafikkstøy**

Eigedomar som får eit støynivå som overskridar dei tilrådde støygrensene i rundskriv T-1442, skal vurderast og eventuelt få tilbod om støyskerm, lokal skerm og/eller fasadetiltak i samband med gjennomføring av reguleringsplanen, dersom dette er nødvendig for å tilfredsstilla krava til støynivå på uteplass (Lden 55 dB) eller krava til innandørs støynivå (LpAeq24h 30 dB).

Konkret utforming og utføring av lokale støytiltak vert òg avklara etter samråd med aktuelle grunneigarar, og eventuelt gjennom byggjesakshandsaming, dersom tiltaket er søknadspliktig. Ved fasadetiltak skal det sikrast tilfredsstillande ventilasjon i tråd med teknisk forskrift til Plan- og bygningslova. Alle støyskjermingstiltak skal vera gjennomført samstundes som veganlegget vert ferdigstilt.

## **§2 Bygningar og anlegg**

Alle områder som er regulert til «Bygningar og anlegg – bustader» er samstundes merka med bestemmelsesområde for «Anlegg- og rigg» og omsynssone der gjeldande plan framleis skal gjelde etter at området er sett tilbake i den stand det var før anlegget blei realisert.

Det er derfor ikkje sett spesielle føresegner for desse områda i denne planen.

## **§3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

### **3.1 Køyreveg**

Køyrevegane skal opparbeidast med linjeføring, utforming og dimensjon som vist i planen. Kryss og avkøyrslar er fastlagde i planen og skal ha frisiktsoner i samsvar med vegnormalane.

### **3.2 Fortau**

Fortau skal etablerast i tilknyting til dei lokale vegane som vist i planen. Detaljutforming i samsvar med vegnormalane. Fortau skal ha minimum bredde på 2,5 meter.

### **3.3 Gang- og sykkelveg**

Gang- og sykkelvegar skal etablerast som vist i planen. Detaljutforming i samsvar med vegnormalane. Gang-/sykkelveg skal ha minimum breidde 3,0 meter.

### **3.4 Anna veggrunn – teknisk anlegg**

Anna veggrunn for tekniske anlegg omfattar areal for midtdelar, rekkverk og fysisk skilje i samband med busshaldeplassar. Anlegga skal opparbeidast i samsvar med planen og med ein detaljutforming i samsvar med vegnormalane.

### **3.5 Anna veggrunn – grøntareal**

Anna veggrunn – grøntareal er offentleg grunn som sikrar dei offentlege vegareaala. Det er ikkje løyve til å gjere inngrep i desse areaala som skadar eller endrar det offentlege vegarealet. Inngrep som vegskjeringar og fyllingar skal formast som ein del av veganlegget. Desse areaala skal opparbeidast som grøntanlegg eller handsamast på annan tiltalande måte. Høge vegskjeringar skal sikrast på forsvarleg måte.

## **§4 Landbruks-, natur- og friluftsformål og reindrift**

### **4.1 Generelt**

LNF-områda skal takast vare på og bevarast slik dei er i dag og ved terrengeinngrep i desse skal ein velje løysingar som samsvarar med omgivnadane. Alle tiltak som grip inn i desse områdane skal gjerast ferdig samtidig med resten av anlegget.

### **4.2 Landbruksformål**

Jordbruksareaala skal, der det er mogleg, planerast ned for å unngå uproduktive skråningsareal langs den regulerte vegen. Ved planering av området skal det ikkje gjevast større helling enn 1:8. Dei delar av området som vert planert ned, skal i nødvendig grad drenerast etter retningsliner fastlagt av jordbruksmynde i Sveio kommune. Det skal førast på minst 50 cm tjukt matjordlag oppå alt areal som vert nedplanert.

Matjord som vert fjerna i forbindelse med anleggsgjennomføringa og som ikkje er naudsynt som topplag i område som skal såast til og plantast på, skal brukast vidare til jordbruksføremål.

### **4.3 Spreidde bustader**

I LNF-området for spreidde bustader ved Buamyr vert det tillat å oppføre konstruksjonar for å redusere støy frå ny veg til eigedomane.

## **§5 Område for gjennomføring av planen**

Område regulert til «Landbruk» og merka med bestemmelsesområde «Anlegg- og riggområde» skal nyttast som anleggsbelte for gjennomføringa av tiltaka. Etter bruk skal området opparbeidast og setjast i stand etter avtale med grunneigar og i samsvar med føresegnene i reguleringsplanen.

### **5.1 Område for mellombels og varig deponi**

All mellombels massedeponi skal løysast innanfor planens grenser.

I all hovudsak skal steinmassar brukast i veganlegg, men kan også brukast for arrondering av landbruksareal i området, slik at ein tilfredsstiller krava til funksjon i § 4. Jordmassar skal sorterast i matjord og anna lausmassar og brukast vidare i samråd med grunneigarane.

Jordmassane skal, i den grad det er mogeleg, nyttast i nærleiken av der dei ligg i dag. Dei bør lagrast og nyttast på same teigen der dei er funne og i minst mogeleg grad transporterast innan eller ut av planområdet.

Det må utarbeidast ein plan for handtering av jordmassane i samband med utarbeiding av byggeplanar for området. Sjølv om det ikkje er påvist plantar på svartelista i området, må det også i ein slik plan for handtering av jordmassar visast til rutinar for handtering av vegetasjon som ikkje er ønska (javnfør kap. 5 i naturmangfaldlova) i tilfelle det skulle dukke når en er i gang med arbeida.

## **§6 Omsynssoner**

### **6.1 Sikringssoner**

#### **Frisikt**

Området er sett av til frisiktsone for veg. Innanfor frisiktonene skal det til ei kvar tid vere fri sikt i ei høgd av 0,5 m over tilstøytande vregar si høgde, i samsvar med Veglova § 31.

### **6.2 Faresoner**

#### **Høgspent**

I sona for høgspent er det restriksjonar på aktivitet. Alle inngrep, både permanente og mellombelse skal meldast til eigar, Haugaland Kraft. Det er set ei sikringssone (byggjegrense) på 6 meter til kvar side for luftstrekket. Innanfor denne sona gjeld spesielle restriksjonar for oppføring av bustad og andre konstruksjonar.

### **6.3 Område der gjeldande plan framleis skal gjelde**

I desse områda skal gjeldande underliggende plan med sine føresegner framleis gjelde når anlegget er avslutta.

## **6.4 Omsynssone (d) H\_730, bandlegging etter lov om kulturminne**

I området ligg det to lokalitetar med automatisk freda kulturminne (Askeladden id. 172763 og 172765). I omsynssone H\_730 er det ikkje tillate å gjere nokon form for varige eller mellombelse inngrep som er egna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, skjule eller på nokon måte utilbørlig skjemme automatisk freda kulturminne, eller framkalle fare for at dette kan skje, jf. kulturminnelova § 3.

Då tiltaksområdet ligg tett opp mot vernegrensene vert det stilt krav om å opptre særskilt i anleggsperioden. For å sikre den ytre grensa for omsynssonene kan desse markerast inn mot tiltaksområdet med sperreband eller sikringsgjerde.

## **§7 Bestemmelsesområde**

### **7.1 Anlegg- og riggområde**

Områda som er markert som mellombels anlegg- og riggområde i plankartet, er areal som kan nyttast i samband med utbygging av veganlegget og tilstøytande areal som er omfatta av denne reguleringsplanen. Når det ikkje lengre er naudsynt å nytte desse areala, skal dei settast i den stand som dei var i før ein starta anleggsarbeidet.

Område som på plankartet er merka som anlegg- og riggområde kan nyttast til dette så lenge anleggsarbeida føregår.

Seinast eitt år etter at anleggsarbeida er avslutta skal areala setjast i stand, slik at dei kan brukast til det føremål dei opphavleg har. Eksisterande vegar som brukast til anleggstrafikk skal etter anleggsperioden setjast i stand i samsvar med gjeldande normer.

Føremålet Anlegg- og riggområde opphører når kommunen har fått melding om at anlegget eller delar av dette er ferdigstilt og det deretter er fatta vedtak om at den mellombelse bruken er avslutta.